



# Kvisk åt meg

Tekster av Ove Røsbak, Ola Jonsmoen, Magnus Buflod,  
Halvor Floden, Jakob Lishaugen, Halldis Moren Vesaas, Hans Børli

FRA DE MOLLSTEMTE SKOGER



Hører du vemo i blåstille skogar  
når haustregnet varslar ein vinter som kjem  
veit du at vinden vil plystre ein polsdans  
i moll gjennom våren og innby til dans  
i vårkåte skogar der livsgleda syng  
i nattslørte timar inst i vårt hjarte.

Med disse vakre ordene av Ola Jonsmoen  
ønsker vi deg velkommen inn i våre moll-  
stemte skoger. Musikken er vår egen og  
tekstene har vi lånt av diktere fra hjemfylket  
vårt, Hedmark. Takk for at du kjøpte CD-en  
vår – håper den faller i smak.

Tove Hagen – sang, fele, cello  
Hege Nylund – sang, ukulele, autoharpe  
Annar By – sang, gitar, banjo, tramp

## Kvisk åt meg

OVE RØSBAK/HEGE NYLUND

Kvisk åt meg de orda  
som bære er dine,  
som bære er  
for meg.

Ælle gjømme seg  
bak murer ta ord,  
men orda dine  
er døggdråpår

som er her nå,  
bære nå. Kvisk  
åt meg, små ord,  
små dotterord ...

## Til ei ungjente

HANS BØRLI/TOVE HAGEN

Så attenårs mjå og mjuk!  
Ditt vesen er et vindbøyd strå  
der smilets sky grassommerfugl  
sitter og vipper skratt med vingene  
og skinner for ingen  
og alle.

## Vinternatt

HANS BØRLI/ANNAR BY

Jeg ser deg i sølvlys, for månen står  
i skogen av rim på ruta.  
Det er som flyter du på ditt hår  
som ringer seg mørkt over puta.

Min kjæreste, sover du?

Innunder risbjørka der vi satt  
i kvitveis-lyset på boen,  
der ligger en orrfugl i fonna i natt  
og blunker og hakker i snøen.

Min kjæreste, sover du?

Jeg ligger i stillheten, vaken og vår,  
jeg stryker deg lint over håret,  
men tanken er underlig kuldslått klar:  
– Det vintres på stiene våre ...

Min kjæreste, sover du?

Ei veggklokke tikker. Timene går,  
og angstens stirrer i bringen.  
For klemt mot de rimfrosne rutene står  
et tomøyd ansikt. – Ingen – –

Min kjæreste, sover du?

## Den evige tone

JAKOB LISHAUGEN/HEGE NYLUND

Djupt inne i skogen  
blant eldgamle trær,  
der lever ei tone  
det evige nær.

Den visker sin glede  
i sommermjukt bar.  
Den lokker og kaller  
og venter på svar.

Den legger sitt vemod  
på lauvblad og strå.  
Og roper om høsten  
mot himmelens blå.

Den lokker og kaller  
når dagen tar av  
for pilegrimsvandrer  
med knytte og stav.

Den senker sin tone  
i tårevått bar  
djupt inne i skogen  
og ventet på svar.

## I bryllupet på Mo

HALLDIS MOREN VESAAS/ANNAR BY

Det hadde nær gått gale i bryllupet på Mo.  
Vinen var så sterk,  
og ponsen som dei skjenkte var så god  
at kara tok te yppet seg og love karaverk.

Det gjekk på moro allting først, med røv-krok og med tull,  
men der var mykje pons,  
og snart var'n Børe Buset mektig full  
og huja over tunet: han sku' ta han Ola Jons.

Han sette beint på gubben, og jammen drog han kniv!  
Dei trilla båe to.  
«No får du som du har fortent – det spørker for ditt liv!»  
Det gruste i oss alle så stygt han Børe lo.

Vi skrek og rømde inn, vi, men karane sprang til  
og bad dei bruke vet.  
Gubben kom seg unna, men han Børe var så vill,  
dei tok og heldt han, fire mann. Han banna og han gret.

«Men kva har gubben gjort deg?» spurde fleire på ein gang.  
Han Børe snykta fram:  
«Den tid a Mina tente hos'n var'n så stri og vrang,  
a Mina stakkar sleit så det var både synd og skam!»

Dei glytte på kvarandre, dei visste det var sant.  
Men der var eit naut som sa:  
«Ja den tid hadde nok a Mina di det stridt iblant,  
men da ho så vart gift med deg så fekk a det da bra?»

Bare tretten ungar, og fint og lettvint stell,  
alltid tenest-taus,  
ingen kyr, god-dagar støtt – og deg da, attpå-tel!»  
Dei berga nautet inn før han Børe kom seg laus.

Då kom a Mina tuslande, eit slite lite skinn,  
og'n Børe vart så mjuk  
dei sleppte'n dei som heldt'n, og ho leidde'n med seg inn,  
der sov han fire timer og vakna bleik og sjuk.

Då ville'n berre heim att, og a Mina var visst glad  
dei kom vekk frå bryllupsgar'n.  
Vi stod og såg i tunet med ho leidde han av stad.  
Han hang på a så tungt at det såg ut mest som ho bar'n.

## Nattsang

OVE RØSBÅK/TOVE HAGEN

Blågrønne sammarsnatt. Bokfinksang ute og inne: ei ørlita jente somsov.  
Marikåper, nattedøgg, et hue, ei pute.  
Fela er stilne. Det kviske i løv.

Vakjin er bare je. Ligg her og sanse alt som er rundt meg, alt som er mitt bare ei lita stund. Nattskugger danser fort gjønnom rommet og går att om litt.

Fela er stille nå, men snart ska hu spelle når skrua blir stramme og grålyset svinn. Lysbågårn smyg over skaret i fjellet. Døra glir opp, og dagen trer inn.

## Hane, høne, tre pepparkorn

HALVOR FLODEN/ANNAR BY

Og hanen pynta på sine fjører og bles seg opp til no' veldig stort: Eg kan kje gå her med tusen bører og kna i torvstrø og hønselort! Ut vil eg – ut – å så langt ut over all verda med mine galar-gåver og vinne fagning for hanesong! Eg vil kje leva, eg kan kje leva og brenne inne med kunstnartron!

Men høna børsta sin gamle bunad, sa gakk, gakk, gakk! så det sokk i vegg: – Lat bose-foret mitt få ein sunnad! Eg kjenner trong til å verpa egg! Gjer dine plikter, for *du* er faren, og slik er lova i hønsegarden at far skal syte for seng og korn! Koss vil du leva, koss kan du leva, koss kan du leva for utan born?

Men hanen reiser, – å vidt han vildrar, blir mødd og krimen og mællaus – og kjem til leiken der orrar buldrar så buldret omar om skog og knaus. Og hanen *syng*, – å, han nys og harkar, og ingen ansar det grukk han gnarkar, han blir som bân mellom biksar der.  
– Eg kan kje leva, eg vil kje leva og heite Smal-Hans og Fattig-Per!

– Nei, heime der var eg betre faren, der sanna alle at eg var størst, den beste galar i hønegarden, var først ved maten – og vagla først... Om gamla rett nok var sta og bufast, ho var no klukkande god og trufast, ein kjuiking-vermar av beste blod. Eg kan kje leva, eg vil kje leva, eg vil kje leva for utan ho!

Og heime møter han hønemora med gule nyste innunder veng:  
– Kom hit og hjelp meg! Fyrst kan du *fora* og pynte kjuiking og reie seng!  
Snart er vi over den verste nøda, snart blir vi fleir til å gnu for foda og sparke marken or grøne svor'n. Da kan vi leva, da vil vi leva som – *hane, høne, tre pepparkorn*.

## Barnefilosofi

MAGNUS BUFLOD/ANNAR BY

På jordet ditt går tranene ned på ferda mot nord, men ikkje på mitt og andre jorde her rundt ikring – underleg nok.

Kva er det for løyndom i molda di som stansar ein traneflokk?

Eg spurde ein gang ein klok ein om dette. Han svara meg tørt: Fundere på slikt er barnefilosofi.

Ja vel.

Eg står på mitt jorde og undrast lel når tranene flyg forbi.

## Ungkar

OLA JONSMØEN/TOVE HAGEN

Her har du femti kroner til festpengar. Men puss skoene dine gut og dans elles blir du gangande som eg

Som eg angrar at eg ikkje pussa skoene mine da eg var tjuge og hadde hår.

## Bygdespellmannen

OLA JONSMØEN/TOVE HAGEN

*Bygdespellmannen*  
Syvert Bukkpllass,  
f. 1833–d. 1911.  
Reist av venner.

Best likte eg ein liten vals eg lærte på martn i Stav, han tok til i dur og endte i moll, eg lærte'n i martn på Stav, eg spelte'n til dans og eg såg at det var som om solrøyken låg att når fela mi let, og lo og gret, i den valsen eg lærte i Stav.

Dernest likte eg ein vårvaken pols eg laga meg sjøl her ein dag, han tok til i dur og endte i moll, eg laga'n sjøl her ein dag, eg spelte'n til dans og eg sanse

at aldri kunne glede slik danse  
som når fela mi bar og jubla og skar  
i polsen eg laga ein dag.

Men likaste lell var ein sull  
eg lærte av mor mi som gut,  
han tok til i dur og endte i moll,  
eg lærte'n tå'n mor som gut,  
eg spelte'n for meg sjøl og eg visste  
det fins noe eg aldri kan miste,  
at eg åtte ein låt, ein lykkeglad gråt,  
som eg lærte av mor mi som gut.

## Du reiste...

HALVOR FLODEN/ANNAR BY

Eg stig på dei stader der vi gjekk i lag  
da sommaren blømde som vildest.  
No er det eit minne, no lid det mot haust...  
Seg, var det for alltid vi skildest?

Her spelar visst enno ein lengtande fugl,  
han trur på ein elsk som skal vara...  
Ja, stakkar, han eig vel ei ørlita von  
og tør ikkje lata ho fara...

Sjå enno står blomar og blør der vi steig,  
– dei såg oss den gongen kan hende  
og held sine roser tolmodig i flor  
på vona om du kjem attende...

Men kanskje må eldmørja stå her og blø  
og aldri meir sjå den ho blør for?  
Og kanskje lyt songfuglen tagne for godt  
og ingen veit om kven han dør for...

Men kanskje til sommars han klagar som no  
når natta blir draumtung og kvit att  
og skjelv når han høyrer ein knest av ein fot  
– og trur det er *du* som ser hit att...

## God dag

HALLDIS MOREN VESAAS/ANNAR BY

Eg gjekk ein tur eg, ein god og lang ein,  
det var slikt vér så ein *bles* av stad.  
God dag all verda! slik lo og sang ein,

god dag igjen! lo all verda glad.  
Bak gjerdesprinklar stod blom og kikka  
og tungte trekroner verdig nikka:  
god dag!

Ein mann dreiv på med å sope gata,  
han smilte til meg – eg fekk han kjær!  
– Gjekk ned til sjø'n. Over glitreflata  
skar kvitsegel fylt av det friske vér.  
Der gnellskreikl måsar, der skvatra ender  
– dei kom og åt ut av mine hender:  
god dag!

Og innpå stranda, innunder trea  
sprang barn i leik, søkte unge lag,  
sat gamle koner med sjål om knea  
og priste Gud for den fagre dag.  
Blankt skein sola på by og vatn  
og vindene reiv av ein tjukk mann hatten:  
god dag!

Og solbål brann i kvar vindaugsrute  
og gata myldra med lystig larm,  
og gledehavet frå allting ute  
slo sterkt mot det i min eigen barm.  
– Men lell, kva *glede* er først eg gådde  
då du sang ut, der du att meg nådde:  
god dag!

## Sanger'n

OVE RØSBAK/TOVE HAGEN

Å har du sanga frå, sangerbror?  
Dom kling så vakkert frå strupa di.  
Du, fins det marker der sanga gror  
og fins det gater der sanga bor?

Nei, sangen er i den som syng.  
Om sangen var frå ei lita kjelde  
oppfi fjellet  
så gikk je aldri åt detta stellet.  
Je ville setta meg ned og vente  
tel sangen kom  
som bekk i flom.

Men å har tona di kommi frå?  
Hu renn så lett i frå strengeleken.  
Du, fins det elver som vi kan sjå  
og hav ta toner som vi kan nå?

Nei, tona er i bringen min.  
Som spindelveven i enerkjerrret  
høgt i været  
heng tona mi, hu er lett å flerre.  
Men hu er sterk når hu fange noen  
– en honningbi  
som flyg forbi.

Men äffer kom du hit, trubadur?  
Ja, äffer kom du med bjella di?  
Kan bjeller rive en piggrådmur?  
Kan sanger åpne et fangebur?

Je spør meg aldri om slike ting.  
Je syng for den som vil låne øre,  
sjå og høre.  
Je syng for hjerter som lætt seg røre.  
Og aldri tie den vesle bjella  
for tona kling  
mot ingenting.

## Øst for sol -- -

(Vidar Sandbeck in memoriam)  
OVE RØSBAK/HEGE NYLUND

De store stjernebilda lyse ennå.  
Så kæn vi kænske finna fram tel slutt.  
Det går en sanger framma oss i natten.  
Hæn tralle for oss, hæn gjør vegen stutt  
tel lændet bakom berj og skog og blåne  
lændet øst for sol og vest for måne  
der drømmen bor og sola aldri går ned.

Det var en gong en gutt som satt i graset.  
Hæn drev og lagde tel et jordbærstrå.  
Hæn nynne på så skjør og sår ei tone  
men ante itte å hu kom ifrå.  
Kom hu frå bakom berj og skog og blåne  
lændet øst for sol og vest for måne  
der drømmen bor og sola aldri går ned?

Hele livet sang'n på den tona  
for ælle folk som ville høre på.  
Nå tie sanger'n. Det er stilt i skoga,  
men sanga hass er tel å seile på  
tel lændet bakom berj og skog og blåne  
lændet øst for sol og vest for måne  
der drømmen bor og sola aldri går ned.

- 
- 1. Kvisk åt meg ○2:23
  - 2. Til ei ungjente ○2:34
  - 3. Vinternatt ○5:27
  - 4. Den evige tone ○2:57
  - 5. I bryllupet på Mo ○3:53
  - 6. Nattsang ○2:32
  - 7. Hane, høne, tre pepparkorn ○5:02
  - 8. Barnefilosofi ○2:58
  - 9. Ungkar ○2:31
  - 10. Bygdespellmannen ○3:45
  - 11. Du reiste... ○3:11
  - 12. God dag ○3:08
  - 13. Sanger'n ○3:07
  - 14. Øst for sol ○3:26